



*Fra Gravbekkens utløp i Gjevilvatnet.*

R. Fergestad

---

## GJIVILVASSDA'LN

*Av Inge Krokann*

*Du låg og svav ei laurdagsnatt  
og drømt um ingin teng.*

*Du såg itt me som smaug og smatt  
og gjo'rd så mang en sveng,  
minn lell ni mange blauthøl tro  
der oppi li'n, der bjørkjinn sto  
og blendt att auo — lissom tvo  
som kvile hjå kvarander.*

*Minn andin drog du sterkt og tongt,  
og bloe båra varmt og ongt  
mot me som gjekk og vavra  
og snåva, sto og stavra  
— og stonda framåt sætrom.*

*E kom frå langferd fårå'nd  
— frå blåe Vestlands-fjora —  
med bøk på rygga bårå'nd.*

*Frå Vassendam i minattsti'n  
e vei in la langs-ette li'n.*

Minn angra mesta, no og da,  
så blautt og bægje som dè va  
å kâmå fram — —


E kjent me reint som framondgut  
som alt for tidle ha lagt ut. —

Så kom e framåt Oddam,  
og du tok åt å vakn.  
Og alle trøyttet tanka  
og alle såre sagn:  
dem va som blåse frå me  
da du tok åt å sjå me.

Frå dogg som skjén på lauv og strå,  
frå junihimmel høg og blå,  
frå bekkje som åt Vatne sprang,  
frå brone hus og myr og vang —  
frå alt e hau'r og alt e såg  
du stírt på me. Og auo låg  
og svømt ti morgossol som rann,  
med fjell og snøfenn ble'nkt og brann.

Da kjent e godt,  
at e har såmå blo ti årom minom,  
som dè som brinn og brusa  
ti allom årom dinom.

*På Rølvsjordsæte'rn, si'st sonda'n i juni, 1913.*



## SYNER OG SEGNER I BYGDA

*Av Ola J. Rise*

Om Oppdalen kan ein visst seie som det kunne bli sagt om ein skilde menneske: «Han er ikkje all der han er set.» På snøggferder ser ein vel vanleg først det ytre, dei næraste høgdena, husbygnader, skiheisen m. m. Men er ein på ei lengre utferd og har betre tid til å sjå seg om i bygda eller i fjell-lendet vil ein ofte koma til å råke borti ømse ting og tilhøve som kan gjera ferda rikare.

I elver og åer nede i dalen er det fiskhølar med namn etter serlege hendingar, jættegrytor og stader der spræke karar har hoppa over.

På gardom og i skogane kan det finnast minne etter ovtru om verneråder mot vondskap: Krossar på uthusvegger, trolldomsteikn, minne om avrettingsstader, tufter etter gardar, plassar m. m. Frå siste ufredstida kan ein, enda etter ein del opprydding og attfylling, gå seg på tjugetals opne skyttarhol berre i ein einskild skogteig.

Attmed gamle vegar og stigar, som det tidlegare var så mange av til dals og til fjells, kan ein gå seg innpå bergsva med merke av hovslag og anna etter eventyrlege rideferder, t.d. frå St. Olavs dagar.

På fjellhøgdom er det namn og merke etter steinhyttor til ly for gjætarar og for folk som dreiv med måsåsanking, utslåttar og fangst. Minne etter fangst av jaktfalkar har det og funnest. Namn som Eldålægret, Torelægret, Karilægret, Heimtjønnslægret og